

NVE Region vest
Postboks 53
6801 Førde



03.07.2012

Søknad om konsesjon for vassuttak

Myrkdalen Fjellheisar AS ønskjer å etablere vassforsyning for snøkanonanlegg ved Årmot med uttak frå Myrkdalselva i Voss kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å etablere vassuttak med kapasitet inntil 150 l/s

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Nils Akselberg

Adresse: Pb 14, 5701 Voss
e-post: nils@vossfjellandsby.no
telefon: 56531033
mobil: 91673013

NVE Region vest
Postboks 53
6801 Førde

03.07.2012

Søknad om konsesjon for vassuttak

Myrkdalen Fjellheisar AS ønskjer å etablere vassforsyning for snøkanonanlegg ved Årnot med uttak frå Myrkdalselva i Voss kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å etablere vassuttak med kapasitet inntil 150 l/s

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Nils Akselberg

Adresse: Pb 14, 5701 Voss
e-post: nils@vossfjellandsby.no
telefon: 56531033
mobil: 91673013

Samandrag

Myrkdalen Fjellheisar AS ynskjer å etablere vassuttak frå Myrkdalselvi, vassdrag 062.j, i Voss kommune i Hordaland. Vassuttaket skal gje vassforsyning til snøkanonanlegg. Snøkanonanlegget er dimensjonert for maks uttak 150 l/s. Aktuell periode for produksjon er månadane oktober, november, desember og unntaksvis januar. Ein vil ved produksjon oppretthalde 5-persentil vinter som minstevassføring. Det er i samband med søknaden ikkje funne at tiltaket vil ha negative verknader av betydning.

Søknadsmal for kraftverk er nytta for søknaden. Skjema er fylt ut så langt det høver for dette titlaket.

Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Om søkjaren.....	4
1.2	Grunngjeving for tiltaket.....	4
1.3	Geografisk plassering av tiltaket.....	4
1.4	Skildring av området.....	4
1.5	Eksisterande inngrep	4
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag.....	4
2	Omtale av tiltaket.....	5
2.1	Hovuddata.....	5
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet.....	6
2.3	Fordelar og ulemper ved tiltaket.....	8
2.4	Arealbruk og eigedomsforhold.....	9
2.5	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	9
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	10
3.1	Hydrologi.....	10
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	10
3.3	Grunnvatn.....	10
3.4	Ras, flaum og erosjon	10
3.5	Raudlisteartar	10
3.6	Terrestrisk miljø.....	10
3.7	Akvatisk miljø.....	10
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	10
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....	10
3.10	Kulturminne og kulturmiljø	11
3.11	Jord- og skogressursar	11
3.12	Ferskvassressursar	11
3.13	Brukarinteresser.....	11
3.14	Samfunnsmessige verknadar	11
3.15	Samla vurdering	11
3.16	Samla belastning.....	12
4	Avbøtande tiltak.....	12
5	Referansar og grunnlagsdata.....	12
6	Vedlegg til søknaden	12

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tiltakets navn: Snøproduksjonsanlegg frå Myrkdalselva
Tiltakshavar: Myrkdalen Fjellheisar AS
Orgnr: 984 801 548
Selskapsform: Privat aksjeselskap

1.2 Grunngeving for tiltaket

Myrkdalen Fjellheisar etablerte i 2006/2007 eit snøproduksjonsanlegg med uttak i Feissgroi, og maksimalt uttak er ca 1900 l/min. Dette anlegget har vore nytta kvar vinter, med godt resultat. Etter kvart som omfanget av alpinanlegget har auka og slitasjen på snøen har blitt større, har behovet for kunstsno auka. Ein har to vintrar, spesielt i vintrar der det har blitt kaldt tidleg, erfart at vassføringa i Feissgroi har minka fort og ein har måtta redusert vassuttaket for å behalde minstevassføring i vassdraget. Dette har medført at ein kun har kunna produsert snø på 3 av 10 kanoner. Behovet for å gå til eit større vassdrag for å sikre vasskapasiteten i den kritiske perioden har blitt svært viktig for å kunne utvikle alpinanlegget og sikre snøkvalitet og sesonglengde.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Vanninntaket er planlagt til området under brua til Årmotslia skianlegg i Myrkdalen, Voss kommune, Hordaland fylke.

Vass inntak er frå Myrkdalselva, vassdragsnr 062.J.

1.4 Skildring av området

Vi viser til rapport frå Rådgivende Biologer AS.

1.5 Eksisterande inngrep

Myrkdalen Fjellheisar har i dag løyve til uttak av 1900 l/min for snøproduksjon frå Feissgrov, ei sideelv til Myrkdalselva med utløp ca 200 m ovanfor vassuttak det her blir søkt om.

Planlagt inntak ligg ca 20 m frå veg til Årmotslia skianlegg, som kryssar Myrkdalselva med bru her.

I høi inntak er planlagt i står det att restar av gammal NVE målestasjon Årnot.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Det er ikkje gjort samanlikning med nærliggande vassdrag.

Vi grunngjev dette med at ein har svært god kunnskap om Myrkdalselva gjennom:

- Data frå nedlagt NVE målestasjon Årnot
- Data frå NVE målestasjon ved Myrkdalsvatnet
- Data frå overvåkingsprogram av vasskvalitet i Myrkdalselva som inngår i overvaking av Myrkdalen Reinseanlegg. Kloakkreinseanlegget ligg ca 450 m nedanfor planlagt inntak

Vi ser derfor ikkje behov for å nytte samanlikning med nærliggande vassdrag.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Standard tabell er fylt ut i den grad den høver for tiltaket.

Vassinntak snøkanonanlegg Myrkdalen Fjellheisar, hovuddata				
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alt. 2	Overføringer
Nedbørfelt*	km ²	89,4		
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	223		
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	79		
Middelvassføring	l/s	7072		
Alminnelig lågvassføring	l/s	259		
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	1073		
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	197		
Restvassføring**	m ³ /s el. l/s	-		
INNTAK				
Inntak	moh.	457		
Magasinvolum	m ³	0		
Avløp	moh.	-		
Lengde på råka elvestrekning	m/km	-		
Brutto fallhøgd	M	-		
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	-		
Slukeevne, maks	l/s	150		
Slukeevne, min	m ³ /s el. l/s	-		
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	1073		
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	197		
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	-		
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-		
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	M	-		
Overføringsrøyr/tunnel, lengde	M	-		
Installert effekt, maks	kW el. MW	-		
Brukstid	Timar	300		
REGULERINGSMAGASIN				
Magasinvolum	mill. m ³	0		
HRV	moh.	-		
LRV	moh.	-		
Naturhestekrefter	nat..hk	-		
PRODUKSJON***				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	-		
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	-		
Produksjon, årleg middel	GWh	-		
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr			
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	-		

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket

**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Vanninntaket er planlagt til området under brua til Årmotslia, nær gammel NVE målestasjon. Det er her ein naturleg høl i elva. Det skal ikkje etablerast nokon form for terskel eller regulering av vannstand. På land skal det etablerast eit mindre bygg (ca 30 m²) for grovsil, matepumper som løfter vatn opp til høgtrykkpumpestasjon som skal plasserast på ca kote 460 og ein trykksil. Høgtrykkpumpestasjon skal plasserast i etablert bygg på om lag 100 m² ved garasjeanlegget i parkeringssona ovanfor riksvegen. Dette bygget vil innehalde både pumpestasjon, høgtrykkspumper og kompressorar. Høgtrykkpumpestasjonen skal løfte vatn opp slik at ein kan produsere snø opp til ca kote 860.

2.2.1 Hydrologi og tilsig

Som grunnlag er nytta data frå NVE "Lavvann" kontrollert mot data frå nedlagt målestasjon 62.12 Årnot. Kontroll viser ubetydelege avvik. Periode 61-90.


"Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold" er vedlagt.

Diagram og varigheitskurver er teke inn i rapport frå Rådgivende Biologer AS.

2.2.2 Inntak

Inntaket for snøproduksjonsanlegget skal vere i hølen like nedstrøms brua over til Årmotslia skisenter, som synt på vedlegg og på teikninga nedst på denne sida.

Det er planlagt eit enkelt inntak med nedgravd røyr ut i hølen fram til ein open neddykka betongkum med topp som ligg godt under LRV. Funksjonen til betongkoumnen er å beskytte inntaksrøyrret, redusere innsuging av slam, sand og grus og issørpe. Det vert lagt ut eit røyr og ein kum i fyrste byggesteg, og planlagt for eit ekstra røyr og ein ekstra kum i neste byggesteg.



Innk frå hølen nedstrøms brua til Årmotslia skisenter. Fotoposisjon 1 og 2.

På neste side fylgjer to bilete av inntaksområdet, fotoposisjonen er synt på teikninga ovanfor.

Det ligg to eksisterande bygningar rett ovanfor (nord for) planlagt vasspumpestasjon, begge er driftsbygningar for Årmotslia Skisenter.



Foto 1: Frå tomt for planlagt vasspumpe­stasjon mot inntakspunkt
NVE målekum til venstre i biletet



Foto 2: Frå austre side av brua/elva mot inntakspunkt og tomt for vasspumpe­stasjon
NVE målekum til høgre i biletet

2.2.3 Vassveg

Frå inntaket går vatnet i lukka rørsystem, via to pumpestasjonar, fram til snøleggingsareala i Myrkdalen Fjellheisar sitt alpinanlegg. Sjå vedlagt plan som viser rørsystem for snøproduksjonsanlegget.

Det meste av snølegginga føregår i nedre del av anlegget dvs under kote 860. Etter sesongen, som normalt varer til 1.mai, vil smeltevatn renne via lokale drenssystem, overvassrøyr og bekkar fram til Myrkdalselva. Det meste av vatnet kjem tilbake til elva i dei 700 m etter inntaket. Alt smeltevatnet kjem såleis tilbake i elva oppstrøms kloakk-reanseanlegget for Voss Fjellandsby.

2.2.4 Køyremønster

Uttak vil i normalt vera i perioden frå slutten av oktober til byrjinga av desember. Unntaksvis kan det og bli aktuelt med noko snøproduksjon i januar. Fullt utbygd anlegg er dimensjonert for snølegging av løypene på ca. 300 timar.

2.2.5 Vegbygging

Det er i dag veg med breidde ca 5 m fram til bru over Myrkdalselva. Noko forsterking av vegen kan bli aktuelt for bygging av anlegget.

2.2.6 Massetak og deponi

Massedeponi etablert for utbygging av Voss Fjellandsby skal nyttast for overskotsmassar frå tiltaket.

2.3 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kunstsnøanlegg sikrar snøkvalitet og sesonglengde for alpinanlegget i Voss Fjellandsby og i sesongar med lite natursnø. Dette gjeld både område for vanlege kundar i anlegget (næringsverksemd) og trenings og konkurranseanlegg for alpine greiner og Myrkdalen Freestyleanlegg. Eit særskilt tiltak er sikring av konkurranseanlegga i samband med VM i Feestyle i mars 2013.

Ulemper

Frå uttakspunktet og ned til Myrkdalsvatnet går ein relativt stor del av denne strekninga av Myrkdalselva i eit elvedjuv dvs elva ligg djupt i terrenget med bart fjell/morenemassar på begge sider.

Uttaket skal skje i ei årstid der påverknaden av landskap og naturverdiar er minimal.

Uttaket skal skje i ei årstid der bruken av elva til ferdsle, fiske og friluftsliv er minimal.

Uttaket skal skje i ei årstid der bruken av elva til jordbruk, skogbruk, utmarksnæringar og annan næringsvirksomhet vil vere minimal.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket medfører ulemper av betydning.

2.4 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Vi legg til grunn eit arealbehov på ca 6 daa i anleggsfasen og ca 4 daa etter etablering av inntaket.

Dette omfattar areal til pumpehus og veg frå eksisterande veg fram til pumpehus.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	-	-	
Overføring	-	-	
Inntaksområde	5	3	
Røyrgate/tunnel (vassveg)	-	-	
Riggområde og sedimenteringsbasseng	-	-	
Vegar	1	1	
Kraftstasjonsområde	-	-	
Massetak/deponi	-	-	
Nettilknytning	-	-	

Eigedomsforhold

Tiltaket er belyst i Områdereguleringsplan S1 (Voss Fjellandsby), vedteken av Voss kommunestyre i juni 2011. Myrkdalen Fjellheisar legg opp til ein prosess der ein får ei minneleg ordning med alle paratar. Vedlagt fylgjer oversikt over alle grunneigarar som eig lags elva frå Inntaksområdet og ned til Myrkdalsvatnet.

2.5 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Skildring av tiltaket sin status i høve til:

Kommuneplanar

Tiltaket er belyst i Områdereguleringsplan S1 (Voss Fjellandsby), vedteken av Voss kommunestyre i juni 2011.

Verneplan for vassdrag

Myrkdalselvi er ein del av Vossovassdraget, som er varig verna i Verneplan III. Voss kommune er førespurt om tiltaket, ref. Kommunalsjef Gunnar Bergo og me har fått uttale om at kommunen stiller seg positiv til tiltaket.

EUs vassdirektiv

I samband med kontroll for Myrkdalen Renseanlegg blir det utført løpande kontroll med tilstand for Myrkdalselva. Vi viser til rapport for 2011: "Myrkdalselven vil som vannforekomst i henhold til EUs rammedirektiv for vann være av typen *Rasktflytende middels til liten elv i alpin sone, med svært kalkfattig og klar vannkvalitet*. Samlet vurdert har Myrkdalselven "god økologisk status" i 2011, basert på et avvik fra naturtilstand."

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Vi viser til vedlagt "[Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold](#)" og vassføringsdiagram og varighetskurver inneke i rapport frå Rådgivende Biologer.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Tidspunkt for uttak er sein haust/tidleg vinter med låge temperaturar og til dels snø og isdekke på elva. Vi venter ingen endringar på vasstemperatur, isforhold eller lokalklima langs elva.

3.3 Grunnvatn

På aktuelt parti går elva i eit juv med ein stor del fjell i botnen. Vi kan ikkje sjå at grunnvassressursar blir berørte av tiltaket.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Uttaket skal skje på ei årstid der flaumtilhøve og erosjon ikkje vert negativt påverka.

Ved snøsmelting om våren vil produsert kunstsno smelte og renne tilbake til elva. Auke i vassføring grunna dette er neglisjerbar.

Det har vore tilfeller der isgang i elva har ført til skade på bru over elva ved planlagt inntak. Og NVE sin målestasjon vart skada ved isgang. Tiltakshavar er klar over tilhøvet og vil plassera installasjonar slik at ein så langt mogleg unngår risiko for skade.

3.5 Raudlisteartar

Vi viser til rapport frå Rådgivende Biologer med konklusjon "ubetydelig (0) konsekvens for røddlistearter".

3.6 Terrestrisk miljø

Vi viser til rapport frå Rådgivende Biologer med konklusjon "ubetydelig (0) konsekvens for terrestrisk biologi".

3.7 Akvatisk miljø

Vi viser til rapport frå Rådgivende Biologer med konklusjon "ubetydelig (0) konsekvens for akvatisk biologi".

3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Myrkdalselvi er ein del av Vossovassdraget, som er varig verna i Verneplan III. Omfang av tiltak er så lite at vi ikkje kan sjå at det er av betydning i høve til vernestatus av vassdraget.

3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Elva går i eit juv i aktuelt område. Inntak skal plasserast i ein naturleg høl.

Med omsyn på inngrepstatus:

- Riksveg 13 går parallelt med elva, avstand ca 60 m
- Tilkomstveg til Årnotlia skisenter kryssar elva ca 20 m frå planlagt inntak

- Driftsbygning for skisenter ligg ca 20 m frå planlagt inntak

Tiltaket er ikkje i konflikt med inngrepsfrie naturområder.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Ein er ikkje kjent med faste kulturminner i området.

3.11 Jord- og skogressursar

Ingen konsekvensar.

3.12 Ferskvassressursar

I Myrkdalen er det to store vassverk som dekker dei aller fleste bustader og gardsbruk. Desse har sine vassuttak frå bekkar/elver som ikkje er berørt av Myrkdalselvi. Desse vassverka dekker dei aller fleste abonnentane, og dei øvrige har eigne brunnar/vassinntak som ligg nær bustad/gardsbruk og som i liten grad er påverka av Myrkdalselva. Ein kjenner ikkje til vassuttak i Myrkdalelva nedstrøms uttaket.

3.13 Brukarinteresser

Uttaket skal skje i ei årstid der bruken av elva til ferdsle, fiske og friluftsliv er minimal.

I snøsmeltinga er vassføringa stor og auken ved at snøen som er produsert av vassuttaket renn ned att i elva er neglisjerbar.

3.14 Samfunnsmessige verknadar

Myrkdalen Fjellheisar er ein stor arbeidsgivar med meir enn 60 tilsette i sesongen. Moglegheit for å forlenge/sikre sesongen ved produksjon av kunstsno er av stor betydning for føretaket. Trafikk i skianlegget er og viktig for overnattings- og serveringsverksemdene i Voss Fjellandsby.

3.15 Samla vurdering

Samanstill konsekvensane for dei ulike tema i ein tabell og gjer ei oppsummering av dei forventade konsekvensane. Konsekvensvurdering skal følgje Statens vegvesen, handbok 140 frå 2006.

Døme på tabell:

Tema	Konsekvens	Søkjar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Ferskvassressursar	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Grunnvatn	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Brukarinteresser	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Raudlisteartar	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Terrestrisk miljø	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Akvatisk miljø	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Landskap og INON	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Reindrift	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Jord og skogressursar	<i>liten-ingen</i>	<i>konsulent</i>
Oppsummering	<i>ubetydelig</i>	

3.16 Samla belastning

Søkjar har ut frå kjennskap til området og arbeid med søknaden ikkje funne spesielle tema som er konfliktfylte. Eventuelle negative konsekvensar synest å vera ubetydelege.

4 Avbøtande tiltak

Diskuter mogelege avbøtande tiltak i anleggs- og driftsfasen som kan vere med på å redusere konfliktnivået.

Minstevassføring

Ein legg opp til å oppretthalda 5-persentil vinter, 197 l/s som minstevassføring. Det er dette som er lagt til grunn ved vurdering av verknader av uttaket.

Avbøtande tiltak utover minstevassføring

Bygging av tiltaket skal utførast etter prinsipp for "god anleggsdrift". Berørt terreng skal avvølast og vegetasjon reetablerast. Det skal etablerast ein byggeplassorganisasjon med byggeleiar som på vegne av byggherren har oppsyn med arbeidet.


Overskotsmassar skal førast til messedeponi etablert i samband med utbygging av Voss Fjellandsby.

5 Referansar og grunnlagsdata

- NVE data målestasjon 62.12 Årnot
- NVE beregningsprogram "Lavvann"
- Egen referanseliste innteken i rapport frå Rådgivende biologer.

6 Vedlegg til søknaden

1. Regionalt kart. Inntak Årnot med nedbørsfelt
2. Målestasjon Myrkdalsvatnet med nedbørsfelt
3. Oversiktskart (1:50 000) for Myrkdalselva. Inntak Årnot er markert.
4. Oversiktsplan for Inntak Årnot
5. Detaljplan for Inntak Årnot
6. Plan for vassvegar. Plan for snøproduksjonsanlegg.
7. Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold
8. Vurdering av biologisk mangfald. Rådgivende biologer 22.juni 2012
9. Oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar.



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Kartbakgrunn: Statens Kartverk
Kartdatum: EUREF89 WGS84
Projeksjon: UTM 33N

Nedbørfeltgrenser, feltparametere og vannføringsindekser er automatisk generert og kan inneholde feil. Resultatene må kvalitetssikres.

Lavvanskart inntak Årnot

Vassdragsnr.: 062.J
Kommune: Voss
Fylke: Hordaland
Vassdrag: VOSSOVASSDRAGET

Vannføringsindeks, se merknader	
Middelvannføring (61-90)	79,1 l/s/km²
Alminnelig lavvannføring	2,9 l/s/km²
5-persentil (hele året)	3,0 l/s/km²
5-persentil (1/5-30/9)	12,0 l/s/km²
5-persentil (1/10-30/4)	2,2 l/s/km²


Klima	
Klimaregion	Vest
Årsnedbør	1934 mm
Sommernedbør	704 mm
Vinternedbør	1230 mm
Årstemperatur	0,6 °C
Sommertemperatur	5,6 °C
Vintertemperatur	-2,9 °C
Temperatur juli	7,4 °C
Temperatur august	8,2 °C

Feltparametere

Areal (A)	89,4 km²
Effektivt sjø (S _{eff})	0,4 %
Elvelengde (E _L)	17,9 km
Elvegradient (E _G)	43,5 m/km
Elvegradient ₁₀₈₅ (G ₁₀₈₅)	46,0 m/km
Feltlengde(F _L)	11,6 km
H _{min}	457 moh.
H ₁₀	818 moh.
H ₂₀	923 moh.
H ₃₀	975 moh.
H ₄₀	1025 moh.
H ₅₀	1068 moh.
H ₆₀	1114 moh.
H ₇₀	1161 moh.
H ₈₀	1214 moh.
H ₉₀	1269 moh.
H _{max}	1430 moh.
Bre	0,0 %
Dyrket mark	0,0 %
Myr	2,8 %
Sjø	4,1 %
Skog	4,1 %
Snaufell	86,1 %
Urban	0,0 %

Det er generelt stor usikkerhet i beregninger av lavvannsindekser. Resultatene bør verifiseres mot egne observasjoner eller sammenlignbare målestasjoner.

Denne regionen gir generelt gode estimater av lavvannsindeksene.



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Kartbakgrunn: Statens Kartverk
Kartdatum: EUREF89 WGS84
Projeksjon: UTM 33N

Nedbørfeltgrenser, feltparametere og vannføringsindekser er automatisk generert og kan inneholde feil. Resultatene må kvalitetssikres.

Lavvanskart Myrkdalsvatnet

Vassdragsnr.: 062.H41
Kommune: Voss
Fylke: Hordaland
Vassdrag: VOSSOVASSDRAGET

Vannføringsindeks, se merknader	
Middelvannføring (61-90)	76,4 l/s/km²
Alminnelig lavvannføring	3,3 l/s/km²
5-persentil (hele året)	3,3 l/s/km²
5-persentil (1/5-30/9)	12,2 l/s/km²
5-persentil (1/10-30/4)	2,4 l/s/km²


Klima	
Klimaregion	Vest
Årsnedbør	1868 mm
Sommernedbør	677 mm
Vinternedbør	1192 mm
Årstemperatur	1,1 °C
Sommertemperatur	6,4 °C
Vintertemperatur	-2,7 °C
Temperatur Juli	8,1 °C
Temperatur August	8,9 °C


Feltparametere	
Areal (A)	158,2 km²
Effektiv sjø (S _{eff})	1,1 %
Elvelengde (E _L)	27,3 km
Elvegradient (E _G)	36,7 m/km
Elvegradient ₁₀₈₅ (G ₁₀₈₅)	38,6 m/km
Feltlengde(F _L)	18,1 km
H _{min}	229 moh.
H ₁₀	504 moh.
H ₂₀	677 moh.
H ₃₀	818 moh.
H ₄₀	914 moh.
H ₅₀	975 moh.
H ₆₀	1035 moh.
H ₇₀	1090 moh.
H ₈₀	1158 moh.
H ₉₀	1235 moh.
H _{max}	1431 moh.
Bre	0,0 %
Dyrket mark	1,8 %
Myr	2,8 %
Sjø	3,7 %
Skog	14,4 %
Snaufjell	72,3 %
Urban	0,0 %

Det er generelt stor usikkerhet i beregninger av lavvanssindekser. Resultatene bør verifiseres mot egne observasjoner eller sammenlignbare målestasjoner.

Denne regionen gir generelt gode estimater av lavvanssindeksene.

Vedl. 3





Revisjonen gjelder		Revisjonen gjelder	
Rev.	Dato	Nr.	Saksh.
1		115	Sluttsk. Oppdr.
MYRKDALEN FJELLHEISAR		Saksbehandler	
SNØKANONANLEGG		Kritik	
OVERSIKT		Oppdragsnr.	
INNTAK SNØKANONANLEGG		Kritik	
		Fag	
		Målestokk	
		1:2000	
		Dato	
		29.06.2012	
		Status	
		118241	
		Tegning nr.	
		Rev.	


COWI




Oppdragsnr.
118241

Tegning nr.

Rev.



Format: A1 Filnavn: P:\OPPRAG\1\OSS\UTVIKING\MASTERPLAN SKIANI EGG\Prosjekt\soekannanlegg 2011\Tegning\Trase\skisse soekannanlegg 05_01_2012.dwg Xref: kartulsnitt 26.11.2010.dwg Pk1 soekannanlegg.dwg Skisse startområde skicross 26_08_2011.dwg Aerial 25_09_2011.dwg Moss 27er.dwg Barneskiltrek.dwg Il ebs skitrek.dwg Landsb...



Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold for små kraftverk med konsesjonsplikt

Siktemålet med dette skjemaet er å dokumentere grunnleggjande hydrologiske forhold knytte til bygging av små kraftverk. Skjemaet skal sikre at konsesjonssøknaden inneheld alle relevante opplysningar innan hydrologi, slik at utbyggjaren, høyringsinstansar og styresmakter gjer sine vurderingar og fråsegner på eit best mogleg grunnlag. Korrekt informasjon er svært viktig for å kunne vurdere miljøeffektane av tiltaket, slik at dei brukargruppene saka vedkjem, kan imøtekommast på best mogleg måte.

Innleiande merknader

Myrkdalen Fjellheisar AS søker om konsesjon til uttak av vatn for snøproduksjonsanlegg, inntil 150 l/s, frå Myrkdalselva ved Årnot i Voss kommune. Skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve er tilpassa kraftproduksjon. Spørsmål som openbart ikkje er relevante for tiltak det blir søkt om konsesjon til er enten sett opne eller merka me "ikkje aktuelt". Det er og lagt inn kommentarar i kommentarfelt der dette høver. Under pkt 1.3.2 har vi og justert spørsmål, markert med kursiv, då spørsmål om minste slukevne ikkje har relevans for uttaket.

Variasjons- og tidslengdekurvar er teke inn i rapport frå Rådgivande Biologer. Dei er og noko tilpassa då planlagt vassuttak er avgrensa til perioden oktober til desember.

1 Overflatehydrologiske forhold

1.1 Framstilling av kraftverkets nedbørfelt og val av samanlikningsstasjon

Figur 1 Kart som viser nedbørfeltet til kraftverkets inntakspunkt og restfelt. Kraftverk og inntakspunkt skal og teiknast inn.

1.1.1 Informasjon om nedbørfeltet til kraftverket (set kryss)

	Ja	Nei
Er det knytt uvisse til feltgrensene? ¹		x
Er det i dag vassforsyningsanlegg eller andre reguleringar inklusive overføringar inn/ut av det naturlege nedbørfeltet for kraftverket? ²		x

1.1.2 Informasjon om eit eventuelt reguleringsmagasin

Magasinvolum (mill. m ³)	Ikkje aktuelt	
Normalvasstand (moh.)	Ikkje aktuelt	
Lågaste og høgaste vasstand etter reguleringa (moh.)	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
Er det planlagt effektkøyring av magasinet?	Ikkje aktuelt	

1.1.3 Informasjon om samanlikningsstasjonen som skal nyttast som grunnlag for hydrologiske og produksjonsmessige utrekningar i konsesjonssøknaden

Stasjonsnummer og stasjonsnamn ³	Id:62.10.0 Myrkdalsvatn
Skaleringsfaktor ⁴	0,5892
Periode med data som er nytta	1971 - 2011
Kor mange år er det data for?	Frå 1964
Er samanlikningsstasjonen uregulert? ⁵	ja

1.1.4 Feltparametrar for kraftverkets og samanlikningsstasjonens nedbørfelt

	Kraftverkets nedbørfelt ovanfor inntaket		Samanlikningsstasjonens nedbørfelt ⁶	
Areal (km ²)	89,4		158,2	
Høgaste og lågaste kote (moh.)	1430	457	1431	229
Effektiv sjøprosent ⁷	0,4		1,1	
Prosentdel bre (%)	0		0	
Prosentdel snaufjell (%) ⁸	86,1		72,3	
Hydrologisk regime ⁹	Vest		Vest	
Middelavrenning / middels årstilsig (1961–1990) frå avrenningskartet ¹⁰	7,07 m ³ /s		12,09m ³ /s	
	79,1 l/s km ²		76,4 l/s km ²	
	223 mill. m ³		381 mill. m ³	
Middelavrenning (åååå – åååå) for samanlikningsstasjonen utrekna i observasjonsperioden ¹¹	-----		- m ³ /s	- l/s/km ²
Kort grunngiving for val av samanlikningsstasjon	Kort avstand i same vassdrag			

Figur 2 Kart med innteikna nedbørfelt for kraftverket og for den samanlikningsstasjon som er nytta

Eventuelle kommentarar

Utskrift frå "Lavvann"

1.2 Vassføringsvariasjonar før og etter utbygginga¹²

Figur 3 Plott som viser middel/median- og minimumsvassføringar (døgndata)¹³

Figur 4 Plott som viser maksimumsvassføringar (døgndata)¹⁴

Figur 5 Plott som viser variasjonar i vassføring frå år til år¹⁵

Figur 6 Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit tørt (åååå) år (før og etter utbygging)¹⁶

Figur 7 Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit middels (åååå) år (før og etter utbygging)¹⁷

Figur 8 Plott som viser vassføringsvariasjonar i eit vått (åååå) år (før og etter utbygging)¹⁸

Eventuelle kommentarar

Diagram, pkt 1.2 og 1.3, er innteke i rapport frå Rådgivende Biologer

1.3 Varighetskurve¹⁹ og utrekning av nyttbar vassmengd

Figur 9 Tidslengdkurve for sommarsesongen (1/5 – 30/9)

Figur 10 Tidslengdkurve for vintersesongen (1/10 – 30/4)

Figur 11 Tidslengdkurve, kurve for flaumtap og for tap av vatn i lågvassperioden (år)

1.3.1 Kraftverkets største og minste slukeevne

	Maks	Min
Maks vassuttak, (m ³ /s)	0,15	-

1.3.2 Dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagd minstevassføring (sjå pkt. 1.1.5) i utvalde år

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne		115,7 fom okt tom jan	
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + maks uttak		7,9 fom okt tom jan	
<i>Obs endring av parameter</i>			

1.3.3 Utrekning av nyttbar vassmengd til produksjon ved hjelp av hydrologiske data

Tilgjengeleg vassmengd ²⁰	Ikkje aktuelt
Utrekna vasstap fordi vassføringa er større enn maks slukeevne (% av middelvassføring)	Ikkje aktuelt
Utrekna vasstap fordi vassføringa er mindre enn minste slukeevne (% av middelvassføring)	Ikkje aktuelt
Utrekna vasstap på grunn av slepp av minstevassføring	Ikkje aktuelt

(% av middelvassføring)	
Nyttbar vassmengd til produksjon	Ikkje aktuelt

Eventuelle kommentarar

Utfylling av tabellar under pkt 1.3 er tilpassa at omsøkt tiltak er vassuttak for snøproduksjon og ikkje anlegg for kraftproduksjon

1.4 Restfeltet²¹

1.4.1 Informasjon om restfelt

Inntaket og kraftverkets høgd (moh.)	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt
Lengd på elva mellom inntak og kraftverk ²² (m)	Ikkje aktuelt	
Arealet på restfeltet	Ikkje aktuelt	
